

**Vedtekter  
for  
Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane**

**§ 1 Namn**

Namnet til samarbeidet er Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane. Samarbeidet er eit interkommunalt styre etter kommunelova § 27.

**§ 2 Deltakarar**

Samarbeidet har følgjande deltagarar:

Askvoll kommune  
Aurland kommune  
Balestrand kommune  
Bremanger kommune  
Eid kommune  
Fjaler kommune  
Flora kommune  
Førde kommune  
Gaula kommune  
Gloppen kommune  
Gulen kommune  
Hornindal kommune  
Hyllestad kommune  
Høyanger kommune  
Jølster kommune  
Leikanger kommune  
Luster kommune  
Lærdal kommune  
Naustdal kommune  
Selje kommune  
Sogndal kommune  
Solund kommune  
Stryn kommune  
Vik kommune  
Vågsøy kommune  
Årdal kommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune

**§ 3 Føremål**

Føremålet til samarbeidet er å legge tilhøva til rette for at arkiva til deltagarane vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner. Samarbeidet kan yte depottenester for deltagarane sine papirbaserte og elektroniske arkiv, og dessutan tilby deltagarane ordnings- og digitaliseringstenester, og andre nærliggande tenester. Samarbeidet skal sørge for at arkiva til deltagarane vert gjorde tilgjengelege for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål.

**§ 4 Oppgåver og myndigheit**

Samarbeidet skal ha mynde til å treffe avgjerder som gjeld drift og organisering av verksemda.

Samarbeidet kan ikkje pådra deltagarane plikter eller fatte avgjerder som etter kommunelova ligg til deltakarkommunane sjølv. Samarbeidet skal ikkje ha mynde til å ta opp lån eller stille sikkerheit for andre sine forpliktingar.

**§ 5 Verksemd og finansiering**

Samarbeidet kan yte depottenester, ordnings- og digitaliseringstenester, og andre nærliggande tenester til deltagarane basert på avtalar mellom samarbeidet og den enkelte deltagaren.

Samarbeidet kan tilsetje eigne tilsette i den grad det er naudsynt eller føremålstenleg. Vidare kan deltagarane i samarbeidet stille sine tilsette til disposisjon for å utføre arbeid for

samarbeidet, anten som ein del av bidraget sitt til samarbeidet eller mot økonomisk kompensasjon.

Samarbeidet skal finansierast gjennom bidrag frå deltakarane i tråd med vedtektenes punkt 11.

**§ 6 Nye deltakarar**

Nye deltakarar kan fortløpende slutte seg til samarbeidet dersom dei vedtek vedtekten i samarbeidet og betalar inn midlar i samsvar med vedtekten. Opptak av nye deltakarar krev at alle eksisterande deltakarar gjer positive vedtak om opptak i høvesvis kommunestyret/fylkestinget.

**§ 7 Rettsleg status**

Samarbeidet skal vere eit eige rettssubjekt. Samarbeidet kan pådra seg økonomiske plikter i eige namn innanfor formålet til samarbeidet og i samsvar med årlege budsjett og økonomiplanar, jf. § 10.

**§ 8 Samarbeidets organ**

Samarbeidets sine organ er representantskap og styre.

**§ 9 Representantskapet**

Samarbeidet skal ha eit representantskap der alle deltakarane er representert.

Kvar deltakar vel eitt medlem og eitt varamedlem til representantskapet. Representantskapet vel møteleiar og referent.

Representantskapet er øvste myndigheit i samarbeidet. Representantskapet handsamar rekneskap, budsjett, økonomiplan og årsmelding for samarbeidet.

Representantskapet vel samarbeidet sitt styre. Representantskapet fastset delegeringsreglement for verksemda, inkludert oppgåver for styret og dagleg leiari. Styret utøver sitt mynde på grunnlag av delegering frå representantskapet. Representantskapet kan instruere styret i alle saker, og kan gjere om styret sine avgjerder.

Representantskapet skal halde årsmøte innan utgangen av april kvart år.

Representantskapet skal i tillegg gjennomføre møte når styret bestemmer dette eller når minimum 5 deltakarar i samarbeidet krev dette. Styret kallar inn representantskapet til møtet.

Representantskapet er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemmane er til stades. Deltakarane kan late seg representere ved skriftleg fullmakt. Representantskapet gjer vedtak med alminneleg fleirtal. Vedtektenes kan berre endrast slik som opplyst i § 14.

**§ 10 Styret og dagleg leiari**

Samarbeidet skal ha eit styre samansett av inntil 5 medlemmar og like mange varamedlemmar.

Styret vel sjølv leiari og nestleiar blant medlemmane sine.

Styremøta vert leia av styreleiaren. Styret gjer vedtak med alminneleg fleirtal. Ved votering i styret skal kvar stemme telje likt. Ved stemmelikskap tel stemma til møteleiaren dobbelt. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades, inkludert møtande varamedlemmar. Styreleiaren sørger for at det vert ført protokoll frå styremøta.

Styret representerer samarbeidet utetter og har rett til å teikne firmaet (signaturrett). Styret kan gje styremedlem rett til å teikne firmaet (signaturrett), og kan avgjere at dei som har slik rett, må utøve han i fellesskap.

Styret skal sjå til at samarbeidet vert drive i tråd med føremålet, vedtekter, årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet.

Styret skal elles utføre følgjande oppgåver:

- Utarbeide årsmelding
- Legge fram årsrekneskap for representantskapet
- Utarbeide budsjett, som skal inngå i deltakarane sitt totalbudsjett og rekneskap

Samarbeidet skal ha ein dagleg leiar som skal tilsetjast av styret. Dagleg leiar utøver sitt arbeid i samsvar med fullmakt frå overordna organ.

#### § 11 Rapportering til deltakarane

Samarbeidet skal kvart år rapportere til deltakarane ved å sende rekneskap, budsjett, økonomiplan og årsmelding til deltakarane straks dette er fastsett.

Har styret grunn til å tru at samarbeidet ikkje kan oppfylle pliktene sine etter kvart som dei forfell, skal det straks sende representantskapet melding om tilhøvet. Tilsvarande melding skal sendast til deltakarane.

#### § 12 Deltakarane si tilskotsplikt

Deltakarane betalar eit årleg økonomisk tilskot til drifta av samarbeidet i samsvar med vedteke budsjett. For deltakarkommunane vert dette tilskotet rekna ut på grunnlag av i) ein fast grunnumsum og ii) eit beløp rekna ut i frå folketalet til deltakarkommunane pr. 1. juli året før budsjettåret.

Det årlege tilskotet skal dekke dei alminnelege driftskostnadene med samarbeidet, og gjev deltakarane rett til å få utført følgjande tenester frå samarbeidet (basistenestene):

- a) rett til å få ordna, registrert og katalogisert eldre arkiv skapt før 1964
- b) hjelpe til formidling og handsaming av førespurnader i eldre arkiv skapt før 1964
- c) rett til å deponere personregisterarkiv og få attendelån frå desse
- d) få faglege råd i arkivfaglege spørsmål knytte til både arkivdanning og deponering
- e) rettleiing og oppfølging i arkivplanarbeidet
- f) rett til å delta på Kontaktkonferansen, Kontaktmøtet og andre aktuelle samlingar

Deltakarane kan inngå avtale med Kommunearkivordninga om avlevering av eldre og avslutta arkiv til arkivdepot (papirdepot). I arkivdepotet skal arkiva takast vare på for ettertida og gjerast tilgjengelege for bruk i samsvar med arkivforskrifta og «forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver (Riksarkivarens forskrift)».

For papirdepottenester betalar deltakarkommunane for disponibel hylrometerplass. Tal hylrometer vert fastsett ved inngåing av avtale om papirdepottenester. Personregister inngår i basistenestene.

Deltakarane kan inngå avtale med Kommunearkivordninga om deponering av elektronisk arkivmateriale (elektronisk depot). I arkivdepotet skal arkiva takast vare på og vere tilgjengeleg for innsyn, jf. arkivforskrifta og Riksarkivarens forskrift.

For elektroniske depottenester betalar deltakarkommunane eit årleg beløp som er uavhengig av mengde materiale.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt årlege økonomiske bidrag for basistenester, papirdepot og elektronisk depot består av eit fast årleg tilskot.

Deltakarane sine praktiske og økonomiske bidrag i samband med andre ytingar som samarbeidet vil tilby, til dømes ordning- og digitaliseringstenester m.m., vert fastsett etter særskild avtale mellom samarbeidet og den enkelte deltakaren.

Praktiske bidrag frå deltakarane skal verdsetjast basert på kva kostnad bidraget inneber for deltakaren, og skal deretter gå til frådrag i den årlege bidragsplikta til vedkomande deltakar (krone for krone).

Ved fastsetjinga av alle økonomiske bidrag skal ein søkje å oppnå at dei årlege samla inntektene til samarbeidet speglar dei årlege samla kostnadene.

#### § 13 Eigardel og ansvar

Deltakarane har lik eigardel i samarbeidet.

Deltakarane har delt ansvar for samarbeidet sine plikter.

**§ 14 Endring av vedtektene**

Endring av vedtektene krev tilslutning frå kommestyret/fylkestinget hjå alle deltarne. Representantskapet kjem med forslag om endring av vedtektene.

**§ 15 Oppseiling og oppløysing**

Den enkelte fylkeskommune/kommune kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltarforhold i samarbeidet og krevje seg utløyst av det.

Samarbeidet kan oppløysast dersom deltarne er samde om det. Det enkelte kommunestyre eller fylkesting gjer sjølv vedtak i saka. Etter at samarbeidet er oppløyst skal Sogn og Fjordane fylkeskommune ta vare på dokumenta til samarbeidet.

**§ 16 Ikraftsetjing**

Vedtektene trer i kraft frå 1. januar 2019.